



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Anne Marta Espelund /
55516432

Vår referanse:
16/126002-6

Dykkar referanse:

Vår dato:
07.02.2017

Høyring av framlegg til omklassifisering av Knarvik ferjekai i Lindås kommune.

Bakgrunn

Knarvik ferjekai er beredskapskai for E39. I brev dagsett 7. oktober 2010 bed Hordaland fylkeskommune om at staten tar kostnadene med vedlikehaldet av kaien. Dette vert i dag gjort, men vegen har framleis status som fylkesveg. Statens vegvesen har starta omklassifiserings sak for vegstrekninga/ferjekaien.

Saksopplysningar

Fv 392 hp 1 km 0,640 – km 0,865 (ferjelem)



Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø



Knarvik ferjekai gjekk ut av ordinær drift i 1994, då Nordhordlandsbrua vart opna for trafikk. Dersom veglenkene mellom Klauvaneset og Knarvik vert stengt for trafikk i lengre tid, vil det vere nødvendig å avvikle trafikk over ferjekaiane i Steinestø og Knarvik. E39 Nordhordlandsbrua hadde ein ÅDT på om lag 17 000 i 2015.

Framlegg til vedtak:

Følgjande strekning vert omklassifisert til riksveg/europaveg:

- Knarvik ferjekai i Lindås kommune: Fv 392 hp 1 km 0,640 – km 0,865 (ferjelem)

Saksgang og vedtaksmynde

Saksgang ved omklassifisering følgjer av veglova §7:

§ 7. Etter at fylkeskommunen - i Oslo kommunen - har uttala seg, kan departementet gjere vedtak om at riksveg skal leggjast ned eller gjerast om til fylkesveg eller til kommunal veg.

Etter at kommunen har uttala seg, kan fylkeskommunen gjere vedtak om at fylkesveg skal leggjast ned eller gjerast om til kommunal veg.

Kommunen kan gjere vedtak om at kommunal veg skal leggjast ned.

Vedtak etter første og andre ledd kan likevel ikkje settast i verk utan at vegen oppfyller tekniske krav etter nærare retningsliner gitt av departementet.

Før vi sender framlegg til omklassifisering av vegen til godkjenning i vegdirektoratet, ber vi om uttale frå dykk. Saka vert òg sendt til Hordaland fylkeskommune for uttale.

Høyringsfrist

Frist for å kome med tilbakemelding er sett til 22. mars 2017.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Anne Marta Espelund
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.